

## Referat frå årsmøte i Røysaleite grendalag 23.02.2016

Møtestad: Henjahaugane barnehage

Tal på frammøtte: 10

Innkallinga blei godkjent utan merknader.

Sindre Børshheim Ramung blei valt til å leie møtet. Anders Yri blei valt som referent.

### 1. Årsmelding

Leiar gikk igjennom årsmeldinga . Viktige punkt i årsmeldinga er at styret har hatt to møte, at det er gjennomført ein dugnad og ei synfaring.

Frå dei frammøtte kom det positive tilbakemeldingar på at det igjen har blitt aktivitet i Grendalaget, og at det det er eit styre som fungerer.

Vedtak: Årsmeldinga vart godkjent

### 2. Rekneskapet for 2015

Kasserar Rune Røysum la fram rekneskapen for 2015. Kassabeholdninga er 6829 kr etter rekneskapsavslutninga.

Revisjon vart drøfta. Då det ikkje har vore aktivitet i rekneskapet dei siste 9 åra fram til 2015, vil det truleg vere nok med revisjon for 2015. Dette er noko revisor kan leggja inn som ein kommentar i si melding.

Vedtak: Rekneskapet vart godkjent.

### 3. Medlemskontingent og andre moglege inntekter

Dei siste åra har det ikkje vore kravd inn medlemskontingent. Medlemskontingennten for 2015 vart sett til kr. 100 på ekstraordinært årsmøte den 28. august 2015. Styret rakk ikkje å sende ut bankgiroar til husstandane i 2015.

Styret fremma forslag om å auke medlemskontingenten til 200 kr. Grunngjevinga er at grendalaget har trong for meir midlar til innkjøp av utstyr til leikeplassane.

Det kom innspeil om å oppmode bebuarane til å gje støtte i tillegg til medlemsavgifta. Styret vil følgja opp dette. Petter Stendstadvold kom også med innspeil om at grendalaget kan søke om pengar frå Sparebankstiftinga. Styret ynskjer at Stendstadvold vert med på arbeidet med søknaden.

Vedtak: Medlemskontingenten for 2016 skal vere kr 200 pr husstand.

### 4. Val av styre

Det skal veljast 2 personar, leiar og ein vara. Det vart gjort slikt val:

Sindre Børshem Ramung, styreleiar, 2 år

Mari Buene, varamedlem, 2 år

Revisor for 2015 og 2016: Petter Stendstadvold

Valnemnd for 2016: Idun Husabø og Petter Stendstadvold

Styret konstituerer seg sjølv og tek umiddelbart over verva etter årsmøte.

(Det skal haldast nytt ordinært årsmøte innan 1. mars 2017)

## 5. Innkomne forslag

I innkallinga til årsmøtet vart bebuarane i grendalaget oppmoda med å komme med forslag til prioriterte saker i 2016. Det kom ikkje inn forslag til styret før møtet.

### **Styret hadde følgjande innstilling til prioriterte saker:**

- Male og møblere dokkestova på leikeplassen ved Nilstræet
- Nye bord i sandkassa på leikeplassen ved Nilstræet
- Nye husker på leikeplassane i Dalhjellevegen og Nilstræet
- Bytte bord i ballveggen ved Nilstræet
- Balanseutstyr i Dalhjellevegen og Nilstræet
- Slak/stram line i Dalhjellevegen og Nilstræet
- Vårdugnad i Nilstræet og eventuell haustdugnad i Dalhjellevegen og Hovdavegen.

Dei frammøtte var positive til dei foreslegne dognadane. Det leggjast opp til at det vert ein grillfest etter ein av dognadane. Det kom òg forslag om at det bør haldast dugnad i 2017 for å rydde og kvist langs dei kommunale vegane.

Det er trong for tiltak for å tryggja skulevegane. Dette gjeld kryssing av Kolabakken i snarvegen frå Hovdavegen ned mot skulen. I tillegg kom det forslag om at det bør setjast opp varselskilt om born som kryssar Kleppavegen ved Hovdavegen.

Vedtak: I 2016 skal det vere vårdugnad på leikeplassen ved Nilstræet og ein haustdugnad ved Dalhjellevegen.

Saker som skal prioriterast i 2016:

1. Male og møblere dokkestova ved Nilstræet
2. Montere balanseutstyr i Dalhjellevegen og Nilstræet
3. Utbetring av ballveggen ved Nilstræet (ansvar: Nils Magne Slinde)

### Før møtet vart avslutta orienterte leiar om følgjande saker:

Grendalaget har søkt kommunen om støtte til opprusting av leikeplassen ved Nilstræet. Det er søkt om midlar til å utbetre eksisterande leikeapparat og supplere med nye. Søknaden blei avvist.

Asfaltering/vedlikehald av veg: Styret ønskjer å spele inn til kommunen ei prioritert liste på tre-fire veg-stubbar som bør asfalterast. Hovdavegen vil vere ein av desse vegane.

Trafikktryggleik: Styret har vore på synfaring i området vårt og funnet ein del stader der vi ønskjer å foreslå trafikktryggleikstiltak. Tiltaka vil bli formidla skriftleg til kommunen.

Gjerdehold mot sauers: Styret har fått innspel om å løyve pengar til å setje opp gjerde mot utmarka i Henjadalen for å halde sauere ute får busetnaden. Styret har vurdert innspelet, men ønskjer ikkje å prioritere denne saka i 2016.